

A photograph of Leif Rygg, an older man with grey hair, wearing a dark suit jacket over a blue shirt and grey trousers. He is sitting and holding a violin in his left hand and a bow in his right hand. The violin is a rich, aged brown color with intricate black and white geometric patterns on the neck and tailpiece. The background is a dense thicket of green leaves, likely from a vine or grapevine, creating a natural, textured backdrop. The lighting is soft and even, highlighting the man's features and the details of the instrument.

Leif Rygg
Vossaspel

Med fela som fylgjesvein

Då eg voks opp som smågut i slutten av 1940 åra var ikkje fela det mest populære instrument i bygda. Trekkspel og gitar rådde for det meste grunnen både til underhaldning og dans. Utover i 1950 åra kom nye danserytmer som var populære mellom ungdommar. Bror min, Ingebrigt, spela trekkspel, så her var det berre å prøva seg på dette instrumentet. Men naboguten Kjell Midttun (1935–1986), som var fem år eldre enn meg, var i full gang med fela. Slik vakna interessa for hardingfela. Heime hjå skulekameraten min Olav Selland (1939–2004) var det fela i huset, så no vart me eit trekløver. Kjell var den som var føregangsmann. Han hadde kontakt med Lars Skjervheim og andre spelemenn. Det var inga organisert opplæring i musikk for born og ungdommar på den tid. Du måtte sjølv oppsøkje spelemenn for å læra. Eg hugsa som det skulle vera i dag, fyrste helgeturen som tolvåring då eg fekk reisa til Nils Borge (1892–1970). Det vart slåttelæring laurdag kveld og sundag. Eg var ikkje lite byrg over tilfanget eg spela for kameratane mine etter denne turen. Lars Skjervheim (1915–2003) var det store førebiletet. Med jamne mellomrom var han med oss med rettleiding og slåttekunne. Som 16 og 15 åringar fekk Olav Selland og eg koma i lære hjå Sigbjørn B. Osa (1910–1990). Dette vart ei stor oppleving, fantastisk musikkar og pedagog, og han hadde svært godt lag med ungdommar. Det vart øving i teknikk, notekunnskap, rettleiing i slåtteutforming og gode historiar. Du verda for ein læremeister og menneskje! Ja, slik vart grunnlaget lagt for eit langt liv med fela som fylgje.

Spelemenn er som ein stor famelie – Slåttemusik-

ken på hardingfela er ein unik musikktradisjon, dikta og forma av spelemenn gjennom fleire hundrad år. Ein av dei fyrste me kjenner til i våre bygder er Per Gudvangen «Lisbet-Per» (1715–1765). Vidare andre store spelemenn som Anders Ø. Hyrt «Gamlehagen» (1771–1844), Nils Rekve (1777–1846), Ola Mosafinn (1828–1912) og Sjur Helgeland (1858–1924). Desse utveksla slåttar med spelemenn frå andre deler av landet, og utforma spelet på kvar sin personlege måte. Dette er slåttearven me dyrkar og spelar på vidare. Nils Borge sa ofte: «Tak mot alle impulsar de kan få utanfrå, men lat dialekten vera grunnpilaren i spelet.» Dette utsagnet vitnar om vidsyn og at «musikken må få leva». For min del har eg fått impulsar frå spelemenn i ulike landsdeler. Då eg frå 1967 var busett nokre år i Ål i Hallingdal kom eg til eit rikt spelemannsmiljø. Her var og vegen kort til Valdres og Telemark. Hallingslåttane friske og rytmiske, noko beintfram men ekte. Valdres med friske springarar, men og lyriske lyarslåttar. Telemark med utbygde slåttar av storspelemenn. Du verda for ei openbaring! Eg har lyst å nemna dei mest sentrale eg møtte: Nils Gjeldokk, Jens Myro og Knut Myrann (Numedal) i Hallingdal, Torleiv Bolstad og Olav Jørgen Hegge frå Valdres. I Telemark Knut og Hauk Buen, Birgit Tjønn, Einar og Olav Løndal, Olav Øyaland, Jens Amundsen, Gunnar Inleggen, Bjarne Herefoss og ikkje minst Eivind Mo. Eg gløymer ikkje turen Knut Myrann og meg hadde til Johannes Dale i Tinn. Det er når du får treffa mennesket bak musikken du skjønar det store spelet. Møtet med Eivind Mo var sterkt. Den stolte bonden på «Nordgaren» som ved

fyrste møtet var noko reservert. Men når han opna seg og tok fram fela, du for ei musikkoppleving! Det er samvere med desse eg har nemt, og mange fleire, som gjer at livet saman med fela gjev meining på livsvegen. Eg trur det er viktig for folkemusikken at ein held den «gamle Spelemannsskulen» i hevd vidare framover.

Då eg etter ei tid kom tilbake til Voss vart på ein måte dei heimlege slåttane meir kjærkomne, dei hadde fått kvila, men fått ein ny glans. No fekk eg god kontakt med Anders Kjerland (1900–1989), den fantastiske spelemannen og historikaren. Det vart ikkje fåe slåttar eg fekk med meg frå Granvin til Voss i seine kveldstimar. Lars Skjervheim budde lenge i Årdal i Sogn, men flytte tilbake til Voss som pensjonist. No blomstra han opp som spelemann med nyskapande slåttar, han kom med nye tonar kvar gong me råkast. Takk til Lars for alt han gav oss i slåttemusikken!

Hardingfela er eit vart instrument. Det kan sikkert alle spelemenn skriva under på. Mi fyrste fela fekk eg kjøpa som tolvåring for kroner 75.–, ho ligg her og er like kjær. Du er stadig på leiting etter ein tone du aldri oppnår. Kvar felemakar har og sitt eige toneideal. Det er viktig å finna den toneverda som passar deg og ditt spel. Felene eg har nytta på denne innspelinga er Olav G. Helland 1926 og Anders Åsen 1959. Takk til Audhild, Steinar og Tone som vore med å dyrka interessa for folkemusikken saman med meg. Eg forstår ikkje korleis livet ville vera utan slåttemusikken og felene mine!

Leif Rygg

Slåttane på denne cd-en er slike eg ofte spelar når eg tek fram fela.
Ein del av dei er mykje nytta mellom spelemenn, andre meir ukjende.

Hymne til fjellet – Lydarslått komponert av Arne Bjørndal. Eg fekk læra denne av Torleiv Bolstad som fortalde etter Bjørndal at han komponerte denne ei seinsumarnatt i eit brudlaup etter at folket var gått til ro.

Hamlagrøen / Rull etter Magnus Dagestad / Flatabøen – Tradisjonelle slåttar frå Voss og Hardanger som vert spela på ulike måtar.

Kristi Hovden – Halldor Meland (1884–1972) komponerte denne gangaren til æra for kona si. Kristi var berømt kunstveverske.

Fjellmannsjenta – Ein slått vi finn i ulike landsdeler. Denne forma er det Sjur Helgeland som har sett i hop.

Springar av Ola Mosafinn – Dette er den einaste slåttan me veit han komponerte.

Sindroen – Gangar frå Telemark.

Falkeriset – Springar frå Telemark.

Sørfjorden / Myren – Desse to springarane er opphavleg frå Hardanger, men Ola Mosafinn har forma dei på sin måte.

Myllarens Draum – Denne lyriske springaren har eg etter Anders Kjerland si utforming.

Spelemannsslepa – Slåtten vart til ei sumarnatt på Vikafjellet. Til minne om dei eldre som vandra fjellvegen til andre spelemenn for å utveksla slåttar, slik vart dei utforma på ulike måtar.

Kopthusen / Rekveen – Tradisjonelle vossaslåttar. Nils Rekve sette sterke spor etter seg i slåttemusikken på Vestlandet og vidare med.

Heiloen – Ein av mine kjæraste slåttar frå fyrste gongen eg hørde Gjermund Haugen spela denne.

Den bunadskledde – Tradisjonell vossaslått som eg har forma ut på min måte.

Gamle Teigen – Springar frå Valdres.

Reitanspringar – Ola Mosafinn utforma denne etter notenedteikning av «Reitan og Haugen» frå Røros. Opphavleg ein rørospols.

Heimhaugen – Kunstmålararen Aslak Sandestølen frå Ål i Hallingdal sette i hop desse tonane då han kom heim etter eit lengre sjukeopphald. Eg har forma denne på min måte.

Høgtidstunda – Ein lyrisk bruremarsj som min gode ven Bjarne Mæland har komponert. Bjarne døydde i januar 2016. Denne innspelinga er ein hyllest og til minne om han.



Innspelt på Dagestadmuseet, Voss, 12–14 september 2016

Opptak: Niels J. Røine – ta:lik records

Miks/master: Fridtjof A. Lindeman – Strype Audio

Grafisk formgjeving: Eva Karlsson

Foto: Niels J. Røine

Engelsk omsetjing: Sarah-Jane Summers

Ass: Frank Rolland

Økonomisk stønad: Voss sparebank, Voss spelemannslag

Stor takk til Hardanger og Voss Museum for bruk av Dagestadmuseet under lydopptaka. Fylkesmusikar Frank Rolland for teknisk bistand saman med Niels J. Røine.

The fiddle as a companion

When I grew up as a small boy in the late 1940s, the fiddle wasn't the most popular of instruments in the village. Accordion and guitar ruled, both for entertainment and dancing. Throughout the 1950s, new dance rhythms arrived that were popular with the youth. My brother, Ingebrigt, played the accordion, so it was just a case of trying one's hand at the instrument. But the boy next door, Kjell Midttun (1935–1986), who was five years older than me, was in full swing with the fiddle. This is how my interest in the Hardanger fiddle arose. There was a fiddle at the home of my school friend, Olav Selland (1939–2004), so now we were a trio. Kjell was the one who led the way. He was in touch with Lars Skjervheim and other fiddlers. There was no organised music tuition for children or youths at that time. You had to seek out fiddlers yourself in order to learn. I remember, as if it were today, my first weekend trip as a twelve year old, when I got to travel to learn from Nils Borge (1892–1970). There was tune-learning all Saturday evening and Sunday. I was very proud of the material I played for my friends after this trip. Lars Skjervheim (1915–2003) was the great idol. At regular intervals, he would give us guidance and share his knowledge about tunes. As 16 and 15 year olds, Olav Selland and I started learning from Sigbjørn B. Osa (1910–1990). This was a great experience, he was a fantastic musician and educator, and he had a great way with children. There were exercises in technique, reading music, guidance as to how to shape the tunes and great stories. What a teacher and a human being! Yes, such was the foundation for a long life with the fiddle as a companion.

Fiddlers are like a large family – Hardanger fiddle

tunes are a unique musical tradition, created and shaped by fiddlers through successive centuries. One of the first we know of in our area is Per Gudvangen “Lisbet Per” (1715–1765). Furthermore, other major fiddlers such as Anders Ø. Hyrt “Gamlehagen” (1771–1844), Nils Rekke (1777–1846), Ola Mosafinn (1828–1912) and Sjur Helgeland (1858–1924). They exchanged tunes with fiddlers from other parts of the country, and each developed the tradition in their own personal way. This is the legacy we cultivate and continue to play. Nils Borge often said: “Grab all the outside impulses you can, but allow your dialect to be the cornerstone of your playing”. This statement testifies his breadth of vision and that “music must be allowed to live”. For my part, I have received impulses from fiddlers from various parts of the country. When I, from 1967, lived for several years in Hallingdal, I entered a rich fiddle environment. It was just a short distance to Valdres and Telemark. Halling tunes, lively and rhythmic, somewhat direct but genuine. Valdres with lively springars, but also lyrical lyarslåttar (listening tunes). Telemark, with highly developed tunes by master fiddlers. Heavens, what a revelation! I wish to mention the key players I met: Nils Gjeldokk, Jens Myro and Knut Myrann (Numedal) in Hallingdal, Torleiv Bolstad and Olav Jørgen Hegge from Valdres. In Telemark, Knut and Hauk Buen, Birgit Tjønn, Einar and Olav Løndal, Olav Øyaland, Jens Amundsen, Gunnar Inleggen, Bjarne Herefoss and, last but not least, Eivind Mo. I will never forget the trip Knut Myrann and I took to visit Johannes Dale in Tinn. It's when you get to meet the man behind the music that you understand the greatness of the playing. The meeting with Eivind Mo left a

strong impression on me. The proud farmer at “Nordgaren” was somewhat reserved when we first met. But when he opened up and took out his fiddle, what a musical experience! It is being with these people I have mentioned, and many more, that has made life with the fiddle meaningful. I think it's important for folk music to keep the old way of learning fiddling alive.

When, after some time, I returned to Voss, the home tradition became more dear to me; the tunes had had a chance to rest, but had gained a new sheen. I was now very much in touch with Anders Kjerland (1900–1989), the fantastic fiddler and historian. It wasn't just a few tunes I took with me from Granvin to Voss in the late evening hours. Lars Skjervheim lived for a long time in Årdal in Sogn, but moved back to Voss in his retirement. Now he blossomed as a fiddler, with innovative tunes; he had new tunes each time we met. Thanks to Lars for for all the tunes he gave us!

The Hardanger fiddle is a sensitive instrument. All fiddlers can surely agree on that. I bought my first fiddle as a 12 year old for 75 Nok; she is lying here still and is equally dear to me now as then. One is constantly searching for tone one can never attain. Every fiddle maker has his own ideal tone. It is important to find the tonal quality that suits you and your playing. The fiddles I have used on this recording are Olav G. Helland 1926 and Anders Åsen 1959. Thanks to Audhild, Steinar and Tone, who cultivated an interest in folk music together with me. I can't imagine how my life would have been without tunes and my fiddles!

Leif Rygg

- 
01. Hymne til fjellet 02:31
 02. Hamlagrøen 02:06
 03. Rull etter Magnus Dagestad 02:26
 04. Flatabøen 02:32
 05. Kristi Hovden 02:49
 06. Fjellmannsjenta 02:50
 07. Springar av Ola Mosafinn 01:53
 08. Sindroen 02:04
 09. Falkeriset 02:09
 10. Sørfjorden 02:12
 11. Myren 02:18
 12. Myllarens Draum 02:49
 13. Spelemannsslepa 02:31
 14. Kophusen 02:34
 15. Rekveen 01:60
 16. Heiloen 02:49
 17. Den bunadskledde 02:11
 18. Gamle Teigen 02:56
 19. Reitanspringar 02:02
 20. Heimhaugen 02:30
 21. Høgtidstunda 02:21